



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Minikonkurransse til HFK-15-0372  
Rammeavtale på transportfagleg plan- og utgreiingsarbeid**

**Pakke 1**

**Minikonkurransse Fv 107 Austrepollen - Nordrepollen**

# 1 Oppdraget og administrative føresegner

## 1.1 Kort skildring av leveransen

Hordaland fylkeskommune (HFK) inviterer dykk til å delta i minikonkurranse om levering av konsulenttenester for forprosjekt for Fv 107 Austrepollen - Nordrepollen. Oppdraget er nærmare skildra i punkt 2 nedanfor.

Følgjande tildelingskriterier vil bli lagt til grunn: Kompetanse og erfaring, oppgåveforståing/løysingsframlegg og pris. Timesprisen i minikonkurransane kan ikkje vere høgare enn prisen som er tilbydd i konkurransen.

## 1.2 Tidsplan

Dato	Aktivitet
22.05.2017	Minikonkurranse publisert
26.05.2017	Frist for å stille spørsmål i konkurransen
01.06.2017	Tilbudsfrist kl. 12:00
Veke 23	Tilbodsevaluering og val av tilbod (estimat)
Veke 24	Kontraktinngåing (estimat)

## 1.3 Oppdragsgjevar sin kontaktperson for minikonkurransen

Namn: Irene Velure

E-postadresse: irene.velure@hfk.no

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personer hos oppdragsgjevar enn nemnde kontaktperson.

Eventuelle spørsmål skal sillast via spørsmålsfunksjonen i HFK sin leverandørportal – ikkje per e-post til kontaktpersonen. Tilbudet skal også leverast via leverandørportalen. Lenke til leverandørportalen:

<https://anskaffing.hfk.no/Avantra/Custom/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

# 2 Krav til ytinga og tildelingskriterium

## 2.1 Kravspesifikasjon

HFK stiller høge krav til kompetanse og erfaring hos tilbodne konsulentar.

Ønska kompetanse for dette oppdraget:

- Konkret kompetanse/erfaring innanfor områda som er spesifisert i avsnitt 2.1.
- Konkret erfaring med prosessleiing og kreative prosessar.

### Oppdragsbeskriving:

#### **Utfordringar**

FV 107 går mellom Jondal sentrum i Jondal kommune og Austrepollen i Kvinnherad kommune, og er ein del av det overordna fylkesvegnettet i Hordaland. Delstrekninga Austrepollen- Nordrepollen strekkjer seg frå Jondalstunnelen til krysset med Fv 550,

og er 6 km lang. Strekinga er dels smal og har dårleg kurvatur med redusert framkome og hastigheit som resultat. Delstrekingane Bergsfjelltunnelen nord – Kjøllebukta og Mjøstølneset - Bergsfjelltunnelen sør ligg med skredfaktor Høg i skredsikringslista for fylkesvegar i Hordaland. Vidare ligg delstrekingane Bussevikja og Furukamjelet med skredfaktor Middels.

Reguleringsplanen for Fv107 Jondalstunnelen med tilførselsvegar frå september 2005 omfatta også strekinga Austrepollen – Nordrepollen. Delar av reguleringsplanen for strekinga er gjennomført, m.a utviding av Bergsfjelltunnelen og rassikringstiltak.

### **Mål**

Det prosjektutløysande behovet er å gje ei sikker vegløyising på strekinga med ein tilfredsstillande kurvatur og breidde på vegen, samt å sikre vegen mot ras.

Andre viktige mål er:

- Redusere reisetida mellom Nordrepollen og Austrepollen.
- Gje minst moglege negative konsekvensar for natur- og miljøverdiar.
- Gje minst moglege ulempe for trafikantane i anleggsperioden.

Då sykling ikkje er tillate gjennom Jondalstunnelen, er det ikkje krav om tilrettelegging for gåande og syklande mellom Nordrepollen og Austrepollen. Det er likevel ønskjeleg å vurdere om det er mogleg å leggje til rette for tiltak for reiseliv som moglegheit for gåande og syklande på noverande strekning.

### **Tema for forprosjekt**

Forprosjektet skal skissere opp alternative moglege vegløyisingar, og eventuell behov for vidare formell planlegging. Dette gjeld både lang tunnel mellom Nordrepollen og Austrepollen, kortare tunnelstreking og utbetring med skredsikring av dagens veg. Planområde må fastsetjast i neste planfase.

Forprosjektet skal gje ei tilråding for vidare planprosess. Det må vurderast om det er grunnlag for å kunne starte opp reguleringsplanlegging med eitt alternativ allereie i neste planfase, alternativt vurdere siling i planprogramfase til reguleringsplan. Det vil vere Kvinnherad kommune som vil vere planmynde for den vidare planlegginga.

### **Kostnader og finansiering**

I notat frå Statens Vegvesen datert 14. mars 2017 (sjå vedlegg) er det utarbeida grove berekningar som tydar på at det let seg gjere å finansiere eit bompengelån på om lag 220 millioner 2017-kroner ved å utvide innkrevjinga av Jondalstunnelen med 15 år. Forprosjektet må avklare om det er mogleg å finne ei finansiering av prosjektet, primært å lengje bompenginnkrevjinga for Jondalstunnelen og ved bruk av rassikringsmidlar og tilskot frå Investeringsprogrammet for fylkesvegnettet. Det må og vurderast om det finnast andre moglege finansieringskjelder.

Forprosjektet skal kalkulere kostnader for dei ulike trasealternativa med eit usikkerheitsnivå som er vanleg på forprosjektnivå.

### **Framdrift**

Då Jondalstunnelen er ferdig nedbetalt i 2020, må det leggjast opp til ei framdrift som

gjer det mogleg å starte opp arbeid med parallellinnkrevjing av bompengar i anleggsfasen.

### **Organisering**

Det vert oppretta ei prosjektgruppe leia av Hordaland fylkeskommune med deltaking frå Statens Vegvesen.

### **Framdriftsplan**

Arbeidet skal vere avslutta innan 1. oktober 2017.

### **Krav til rapport**

Sluttprodukt for prosjektet vil vere ein prosjektrapport med kartskisser for moglege løysingar.

### **Omfang**

Dersom det viser seg at kompetansen ikkje er tilfredsstillande, tek HFK atterhald om å kunne seie opp avtala.

Estimert omfang for oppdraget er inntil kr 300.000, men HFK ønskjer opsjon på utviding ved behov. Dette avklarast seinast ei veke før utløpet av avtalt timebruk.

Ønsket oppstart er snarast mogleg etter at kontrakt er signert.

## **2.2 Tildelingskriterium og dokumentasjonskrav**

Tildeling av kontrakt skal skje på basis av kva for eit tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige ut frå følgjande kriterium:

<b>Tildelingskriterium</b>	<b>Vekt</b>
Kompetanse/erfaring på tilbodne ressursar	50 %
Oppgåveforståing og løysingsframlegg	30 %
Pris	20 %

### **Tildelingskriterium «Kompetanse og erfaring på tilbodne ressursar»**

HFK ønskjer seniorkonsulentar med tung kompetanse og erfaring innan vegplalegging, jf. avsnitt 2.1 over. Tilbydar skal dokumentere seniorkonsulentprofiler med både formalutdanning og erfaring, og det skal gå fram konkret kva tilsvarande prosjekterfaring seniorkonsulentane har frå før innanfor same type oppdrag.

Det skal opplysast om referansar frå tilsvarande oppdrag. Tilbydar bes skildre minimum to aktuelle kandidatar.

### **Tildelingskriterium «Oppgåveforståing og løysingsframlegg»**

Tilbydar blir bedt om å skildre korleis ein har tenkt å løyse oppgåva inklusiv ein kort framdriftsplan.

### **Tildelingskriterium «Pris»**

Tilbyder skal opplyse om timespris for oppdraget. Timesprisen kan ikkje vere høgare enn prisen som er tilbydd i konkurransen.

### **3 Reglar for gjennomføring av minikonkurransen**

#### **3.1 Anskaffingsprosedyre**

Konkurransen vert gjennomført som ein open anbodskonkurranse, med høve til å gjennomføre intervju av tilbydd ressurs viss oppdragsgjevar ønskjer det.

#### **3.2 Krav til tilbodet og innleveringsstad**

Tilbodet skal leverast på elektronisk format i leverandørportalen til HFK;

<https://anskaffingar.hfk.no/Avantra/Customer/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

Tilbodet må innehalda komplett informasjon og dokumentasjon til å vurdere dei oppjevne tildelingskriteria utan større avklaringar, jf. punkt 2.2

#### **3.3 Tilbudsfrist og frist for å stille spørsmål**

Tilbudsfristen er 01. juni 2017 kl. 12.00.

Etter at tilbudsfristen er gått ut vil det ikkje vere mogeleg å levere tilbod i leverandørportalen.

Frist for å stille spørsmål i konkurransen er 26. mai 2017. Eventuelle spørsmål skal stillast via spørsmålsfunksjonen i HFK sin leverandørportal – ikkje per e-post til kontaktpersonen.

#### **3.4 Vedståingsfrist**

Leverandørene er bunde av tilbodet til 15. juni 2017 kl. 24.00.

#### **3.5 Tildeling av kontrakt og grunngjeving**

Tilbydarar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med, og grunngjeving for valet.